



Statens vegvesen

Osterøy kommune

5282 LONEVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
18/155195-10

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.08.2019

Klage på vedtak –Vedrørende avkørsel – fv. 365 – gnr. 129 bnr. 96 – Osterøy kommune

Vi syner til dykkar vedtak av 18.07.19 som gjeld frådeling av tomt på Hamre gnr. 129 bnr. 96. Vi klagar med dette på vedtaket. Vi mottok melding om vedtaket 19.07.2019. Klagen er derfor rettidig.

Bakgrunnen for vår klage på vedtaket er sakshandsamingsfeil. Vi viser også til at kommunen har lagt feil vedtak etter veglova til grunn for sitt vedtak etter plan- og bygningslova.

1. Saksgang og omsynet til veglov

Vi viser til korrespondansen i saka. Statens vegvesen mottok søknad om utvida bruk av avkøyrsl 04.07.2018. Vi skreiv ein uttale i saka datert 28.08.2018. Det er dette brevet som ligg til grunn når kommunen startar handsaminga av saka. Ved ein inkurie har det også gått ut eit uferdig brev frå oss som svar på søknad om avkøyrsl i saka datert 31.08.2018.

I brev frå Osterøy kommune datert 30.04.2019, viser kommunen til vår uttale datert 28.08.2018 og ber om at søknaden vert handsama etter veglova. De gir oss ein frist på 4 veker. Som svar på dette har vi handsama søknad om avkøyrsl etter veglova i vårt brev datert 27.05.2019 (vårt dok. 5 i saka). Vi har i dette brevet gjeve ei førehandstilsegn med krav til kva som må rettast og opparbeidast før vi kan gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla.

Den 18.06.2019 får vi ein purring frå sakshandsamaren i Osterøy kommune der ho skriv at de ikkje har mottatt svar på dykkar brev av 30.04.2019. Her har de og lagt ved vår uttale til saka datert 28.08.2018. Dagen etter at vi mottok e-post med purring, altså 19.06.2019, svarte vi i e-post til sakshandsamar i Osterøy kommune at vi hadde sendt vedtak av 27.05.2019 som vi la dette ved i e-posten til sakshandsamaren. Etter dette fattar Osterøy

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

kommune vedtak 18.07.2019 der de skriv at de legg til grunn vårt brev av 31.08.2018, og ikkje det siste brevet i saka, førehandstilsegnet datert 27.05.2019.

Vi vil understreke at det er vårt brev av 27.05.2019 som inneheld krav til utforming av avkøyrsla som skal leggst til grunn for vidare handsaming etter plan- og bygningslova. Vi beklagar at vi i tillegg til vår uttale datert 28.05.2018, ved ein inkurie kom til å sende eit vedtak etter veglova som er datert 31.08.2018. Vi viser likevel til at i all vidare korrespondanse mellom vegvesenet og kommunen er det vår uttale datert 28.08.2018 som er lagt til grunn. Og vi viser til at vi har fatta eit nytt vedtak etter veglova den 27.05.2019.

Vi reagerer på at Osterøy kommune 18.07.2019 fattar vedtak på basis av vårt brev av 31.08.2018 med den grunngevinga at vi ikkje aktivt har meldt frå til kommunen at dette var ugyldig. Det er heller ikkje riktig at det er knytt sakshandsamingsfrist til å gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Til dette viser vi til del 2. i dette brevet.

Dersom kommunen var i tvil om det var vedtaket datert 31.08.2018 eller vedtaket 27.05.2019 som skulle leggst til grunn, burde de gjere oss merksam på det og gitt oss høve til å rette feilen som de då var klar over.

Som ei saksopplysning kan vi informere om at vi den 03.07.2019 mottok brev frå søkar der ho ber om dispensasjon frå nokre av krava i vårt brev datert 27.05.2019. Det viser at det er ei utfordring å få ei god nok utforming av avkøyrsla. Statens vegvesen har eit overordna ansvar for trafikktryggleik, men Osterøy kommune har også ansvar for trafikktryggleiken i sin kommune. Det er i vår felles interesse at nødvendige krav til trafikktryggleik vert i varetatt før det vert igangsett tiltak.

Slik saka står, er det ikkje gjeve endeleg løyve til utvida bruk av avkøyrsla jf. plan- og bygningslova § 27-4.

2. Sakshandsaming etter plan- og bygningslova og kommunen si samordningsplikt

I denne saka vert det vist til at Statens vegvesen ikkje kan krevje at det vert gjeve byggjeløyve før tilkomst til offentleg veg er ordna, med bakgrunn i handsaming som ein eitt-trinns søknad. I denne saka er det særleg viktig at ein ikkje gjev byggjeløyve før tilkomst til offentleg veg er opparbeida. Dette med bakgrunn i dei utfordrande tilhøva på staden. Slik vi forstår søkjar er det framleis uvisst om ein klarer å utbetre avkøyrsla på staden.

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av einebustad (minihus) på gnr. 129, bnr. 96, Hamre på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 20.03.2019 og teikningar motteke 03.04.2019, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3. Toleransegrense for plasseringa er 0,5 meter, jf. forskrift om byggesak § 6-3, bokstav b, så langt plasseringa ikkje kjem i strid med andre reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak av 02.04.2019 saknr. 116/19, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.

3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Veg og avkøyrsløve skal opparbeidast i samsvar med løyve frå Statens vegvesen av 31.08.2018, og alle vilkår som der er stilt skal tilfredsstillast, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Før det vert søkt om ferdigattest eller mellombels bruksløyve må det sendast inn dokumentasjon som syner:

4. At Statens vegvesen har gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avkøyrsla.

5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen."

Statens vegvesen klager med dette på vedtaket.

Det er i vedtaket vist til søknad om løyve til tiltak i eitt trinn datert 03.04.2019.

Slik vi vurderer det inneheld vedtaket av 18.07.2019 ein eller fleire sakshandsamingsfeil jf. forvaltningslova § 41.

Vi kan ikkje sjå at føresetnadane er til stades for å handsame dette tiltaket som ein eitt-trinns søknad jf. PBL § 21-7. Avkøyrsløvet frå fylkesveg er førebels ikkje utbetra og endeleg avkøyrsløve ligg ikkje føre. Tiltaket krev godkjenning frå annan myndigheit. I dette tilfellet Statens vegvesen.

Osterøy kommune har likevel handsama saka som ein søknad i eitt trinn. Parallelt med dette har kommunen knytt vilkår til vedtaket. Vilkåret om avkøyrsløve er knytt opp mot ferdigattest/midlertidig bruksløyve. Dette representerer ein sakshandsamingsfeil.

Det følgjer av plan- og bygningslova (PBL) § 27-4 første ledd at det må ligge føre eit avkøyrsløve for å kunne tillate eit tiltak. Løvet frå vegmyndigheita er eit materielt vilkår etter PBL. Det kan då ikkje gjevast løyve til igangsetting før eit slikt løyve ligg føre.

Dersom ein søknad ikkje er oppdelt må bygningsmyndigheita vente med å treffe endeleg avgjerd i saka til tilhøva er avklara ved eit vedtak frå særlovsmyndigheita. Dersom tiltakshavar er samd i dette kan kommunen og foreta ein oppdeling av søknaden og gje rammeløyve med atterhald om at det ikkje kan gjevast igangsetjingsløyve før tilhøvet til særlovsmyndigheita er avklara.

Statens vegvesen merker seg at vedtaket i byggesaka er fatta den 18.07.2019. Her er det vist til dispensasjon gjeve i Plan- og kommunalteknisk utval i møte den 01.06.2016. Vi stiller på bakgrunn av dette spørsmål ved om dispensasjonen framleis var gjeldande på vedtakstidspunktet, jf. 3-årsfristen i PBL § 21-9.

Statens vegvesen meiner Osterøy kommune i denne saka har gått ut over sitt myndigheitsområde. Det er gjennom vedtaket om løyve i eitt trinn (18.07.2019) gjeve igangsetjingsløyve for heile tiltaket utan at det ligg føre løyve til bruk av avkøyrsløve jf. veglova § 40. Kommunen sitt vedtak er såleis materielt mangelfullt og ugyldig.

Vedtaket må opphevast og erstattast av eit nytt vedtak som ivaretek vilkåret i PBL § 27–4 jfr. vegloven § 40 : *«Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annan måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende. Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkomande vegmyndighet, jfr. veglova § 40 til 43.»*

Statens vegvesen ber samstundes om at denne klagen vert gjeve oppsettjande verknad. Vi viser til at søkjar har bede om dispensasjon frå vegvesenet sine krav som er stilt i førehandstilsegna datert 27.05.2019.

Plan- og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
fung. seksjonsleiar

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER